

**Tilleggsopplysninger etter uttale fra Statsforvaltaren:**

Viser til uttale fra statsforvaltaren ifbm. søknad om utviding av areal til lager/oppstillingsplass på gnr. 20, bnr. 49.

Statsforvaltaren viser til at det blir vesentlege terrenginngrep med fjellskjeringsarbeid på 8 -13 meter. Dette er korrekt, men dette kom og fram ifbm. søknad om frådeling, då nettopp formålet med frådelinga (sak 048/2021) var å gje meir nytteareal til bedrifta for å kunne vidareutvikle seg. Entreprenør Ansgar Birkeland AS har stort behov for meir opparbeidd areal til lager/oppstillingsplass. Justering av areal etter klagevurdering ifbm. arealoverføring (sak 074/2021) hadde og som formål å gje bedre plass mellom lagerhall og eksisterande fjellskjering for passering med større kjøretøy. Dette er bakgrunn for kva areal som er omsøkt opparbeidd.

Vedrørende høgde på fjellskjeringsarbeidet, er det per i dag også skjeringsarbeid med høgde på 8 -13 meter. Dette har vore slik sidan området vart sprengt ut for over 30 år sidan. Tiltaket vil derfor i liten grad medføre høgare fjellskjeringsarbeid enn det allereie er på området per i dag. Topp skjering blir sikra med flettverksgjerde iht. krav.



Bilder syner deler av fjellskjering slik den er i dag. Skjering er bratt og tilsvarande høg som omsøkt. Nødvendig sikringsarbeid blir utført fortløpende i prosessen.

Statsforvaltaren kommenterer også kva som skal skje med massene som blir tatt ut.

Entreprenør Ansgar Birkeland AS vil nytte alle masser til gjenbruk på veg- og tomteprosjekter. Store deler av masser er planlagt nytta for å etablere landbruksveg på hovedbruk gnr. 20, bnr. 1 jamfør delegert vedtak (sak 054/2022). Startpunkt for ny landbruksveg er omrent 250 meter ifrå omsøkt areal.

Vedr. statsforvaltaren sitt utsagn om behov for reguleringsplan, så stiller bedrifta seg undrande til kvifor det etter 30-års drift skal vere behov for dette. Området statsforvalter ønsker reguleringsplan for omfatter hovedbruk (gbnr. 20/1) og tomt med omsøkt areal (gbnr. 20/49). Entreprenør Ansgar Birkeland AS er ei familiebedrift der eigaren av bedrift og eigaren av gårdsbruk er same person/familie. Bruken av området har ikkje endra seg, det er kun snakk om utviding av eksisterande planert område innanfor dei nye grensene til gnr. 20, bnr. 49 i tråd med søknad om frådeling.

Viser elles til sakshandsaminga ifbm. frådelingssøknad mtp. skogshåndtering m.m.

Ta gjerne kontakt for evt. spørsmål eller avklaringer.

Med helsing

Bjørnar Birkeland, Entreprenør Ansgar Birkeland AS.